

Til

Ålesund 24.02.2011

Einingar i Møre og Romsdal krins av Norges KFUK-KFUM
Medlemmar og varamedlemmar i krinsstyret
Direktemedlemmar
Speidarkrinsane
SUFH

Innkalling til årsmøte i Møre og Romsdal krins

Årsmøte for Møre og Romsdal krins vert halde **27.03.2011 på Ynglingen** (Parkgata 14) i **Ålesund**. I forkant av møtet oppfordrar vi alle årsmøtedeltakarane til å ta del på gudstenesta i Ålesund kirke. Registrering tek til på Ynglingen klokka 12.30. Det er sett av tid til årsmøteforhandlingar frå 13.00 til 17.30. Det vert ein middagspause midt i møtet. Middagen vil koste kr 100,-.

Representasjon på årsmøtet:

- **Krinsstyret.**
- **Vararepresentant til krinsstyret.**
- **Medlemmene i arbeidsgreinutvala.**
- **Utendingar frå einingar med :**
 - Under 50 medlemmer: 2 representanter
 - 50-99 medlemmer: 4 representanter
 - 100-149 medlemmer: 6 representanter
 - 150 og fl. medlemmer: 8 representanter
- **Ein representant frå kvar av speidarkrinsane. Begge med tale- og forslagsrett.**
- **Andre tilsette med talerett.**
- **Innbodne gjester kan få talerett.**

Årsmøtet i ei hovudforeining kan vedta at ei eining sin representasjon vert disponert av hovudforeinga, dersom eininga sjølv ikkje brukar representasjonsretten.

Frå kvar eining skal minst ein av representantane vere godkjend leiar.

Utendingar over 15 år har røysterett.

Påmelding til årsmøtet

Elektronisk påmelding via skjema på krinsen si heimeside innan 20. mars: www.kfuk-kfum.no/moro.

Dersom nokon har vanskar med påmelding på nett, ta kontakt med krinskontoret på e-post:

moro@kfuk-kfum.no eller telefon: 70 00 96 30/mobil: 948 69 779

Sakliste

Sjå vedlagte sakliste. Sakspapir vert sendt ut til dei påmeldte seinast ei veke før møtet.

Både innkalling og sakspapir vil dessutan verte lagt ut på krinsen si heimeside, www.kfuk-kfum.no/moro.

Som den vedlagte saklista viser er det mange og viktige saker som skal drøftast på årsmøtet. I tillegg til faste årsmøtesaker som rekneskap, arbeidsplan og budsjett, vil det verte sett av tid til ein debatt rundt nokre av sakene som skal opp på landsmøtet seinare i månaden. På årsmøte i fjor vart det ein diskusjon rundt direktemedlemmar sine rettar på årsmøtet. Dette blir tatt opp igjen i år under saka om lovendingar.

Årsmøtegåve

På årsmøtet vert det tradisjonen tru mogleg å gi ei gåve til arbeidet i krinsen.

VELKOMMEN TIL KRINSÅRSMØTE 2011!

Oddrun Vatne
Krinsleder

Kristin Vigestad Valderhaug
krinssekretær

KRINSÅRSMØTE 2011

Søndag 27. mars på Ynglingen i Ålesund

Program:

11:00 Vi tek del på gudsteneste i Ålesund kirke
12:30 Registrering og kaffe på Ynglingen
13:00 Opning og årsmøteforhandlingane startar
15:00 Middag
15:45 Årsmøteforhandlingane held fram
17:15 Avslutning
17:30 Årsmøtet er ferdig

Sakliste:

Sak 01/11 Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 02/11 Konstituering av møtet og val av møteleiing
Sak 03/11 Årsmelding 2010
Sak 04/11 Rekneskap 2010
Sak 05/11 Budsjett 2011
Sak 06/11 Arbeidsplan for 2011
Sak 07/11 Val
Sak 08/11 Lovendringar
Sak 09/11 Debatt rundt landsmøtesaker
Sak 10/10 Orienteringssaker
Sak 11/11 Eventuelt

Påmelding:

Elektronisk påmelding via skjema på nettsida vår: www.kfuk-kfum.no/moro
Eventuelt pr e-post: moro@kfuk-kfum.no eller telefon: 70 00 96 30/mobil: 948 69 779

Påmeldingsfrist: 20. mars.

Pris: kr 100,- som dekker middag (gi beskjed om ev. matallergi/inntoleranse).
Betalast ved ankomst/registrering på årsmøtet, ev. til konto nr: 7137 10 04082.